

**Avtala om Det europeiske
økonomiske samarbeidsområdet**

EØS-komiteen

AVGJERD I EØS-KOMITEEN

**nr. 52/2001
av 30. mars 2001**

om endring av vedlegg XIII til EØS-avtala (Transport)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla “avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg XIII til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 60/2000 av 28. juni 2000⁽¹⁾.
- 2) Rådsresolusjon 2000/C 56/01 av 14. februar 2000 om fremjing av intermodalitet og intermodal godstransport i Den europeiske unionen⁽²⁾ skal takast inn i avtala –
- 3) Rådsresolusjon 2000/C 56/02 av 14. februar 2000 om fremming av nærskipfart⁽³⁾ skal takast inn i avtala.

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I vedlegg XIII etter nr. 91 (rådsresolusjon 1999/C 222/01) i avtala skal nytt nr. 92 og 93 lyde:

“92. **32000 Y 0229(01)**: Rådsresolusjon 2000/C 56/01 av 14. februar 2000 om fremjing av intermodalitet og intermodal godstransport i Den europeiske unionen (TEF C 56 av 29.2.2000, s. 1).

⁽¹⁾ TEF L 237 av 21.9.2000, s. 76, og EØS-tillegget til TEF nr. 42 av 21.9.2000, s. 16.

⁽²⁾ TEF C 56 av 29.2.2000, s. 1.

⁽³⁾ TEF C 56 av 29.2.2000, s. 3.

93. **32000 Y 0229(02)**: Rådsresolusjon 2000/C 56/02 av 14. februar 2000 om fremming av nærskipsfart (TEF C 56 av 29.2.2000, s. 3).”

Artikkel 2

Teksta til rådsresolusjon 2000/C 56/01 og 2000/C 56/02 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 31. mars 2001, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala^(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Utfërda i Brussel, 30. mars 2001.

For EØS-komiteen
Formann

P. Westerlund

Sekretærer for EØS-komiteen

P.K. Mannes M. Brinkmann

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.